

Jæren Turlag
Stavanger Turistforening



2023

Årsmelding Jæren turlag 2023



Jæren Turlag

Anne Reidun Garpestad - leiar

Årsmelding 2023

Jæren turlag består av medlemmar i Stavanger Turistforening frå kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Melder du deg inn i Stavanger Turistforening, og bur i ein av desse fire kommunane, vert du automatisk medlem i Jæren turlag. Jæren turlag har per november 3369 medlemmar.

Styret i 2023

Årsmøtet vart gjennomført 16. februar 2023 på Time Bibliotek. Det var 30 personar som deltok.

Styret i 2023 har bestått av følgjande:

Leiar: Anne Reidun Garpestad

Sekretær: Solfrid Grødem. Kasserer: Nadine Friese. Leiar Barnas Turlag Jæren: Einar Jordebrekk. Styremedlemmar: Anne Grete Madland Tjemsland, Arnfinn Særheim og Margreta Hauge Clementsen. Varamedlemmar: Lene Støldal og Alf Kåre Sirevåg.

Valkomiteen har bestått av Inger Tjørve og Randi Otterlei Malmin.

Styret har hatt 11 styremøte.

Styret hadde strategisamling på turisthytta Eigerøy fyr i september.

Det har vore to digitale møte mellom dei ulike turlaga og Stavanger Turistforening. Fokus på møta var mellom anna tryggleik på turar og risikovurderingar og informasjon og opplæring på ny nettside og andre digitale endringar.

Jæren Turlag har delteke i eit nettverk for ulike friluftsansjasjonar i Gjesdal kommune. Turlaget har delteke med 3 personar.

Administrasjonen i Stavanger Turistforening arrangerte samling for alle turlaga i januar. Jæren turlag deltok med 2 personar frå styret.

Samarbeid med andre

Turlaget har hatt samarbeid med frivilligsentralane og flyktingtenesta i Gjesdal, Klepp og Time. Dette samarbeidet starta i 2022 og har blitt utvida i 2023.

Me har også i år hatt informasjonsmøte for flyktingane i Gjesdal om friluftsliv, Jæren Turlag, turmoglegheiter på Jæren og kva naturopplevingar kan bety.

Turlaget har også samarbeida med Jæren Friluftsråd om Kom-deg-ut-dagen i Brekko i februar, dagstur til friluftsgarden Mån og kurset «Trygg i havet».

Dette samarbeidet førte til at Jæren turlag, saman med Time og Klepp Frivilligsentral og Jæren Friluftsråd søkte om midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank for å legge til rette for friluftsliv og aktivitet for flyktningar i desse kommunane. Søknaden vart innvilga og me fekk kr 160 000 til prosjektet. Midla skal først og fremst brukast til transport, sidan det er lite kollektivtransport til turområda på Jæren. Jæren turlag sitt bidrag er å arrangera 3 turar på ulike plassar på Jæren og legge til rette for deltaking på arrangement som Kom-deg-utdagane og andre arrangement.



Jæren turlag har i lengre tid arbeidd for å finna eigna plass der vi kan lagra utstyret vårt. Turlaget har etter mest 10 år ein del utstyr som til nå har vore plassert i ein tilhengar, samt ein del utstyr også heime hos styremedlemmar. På slutten av året fekk vi moglegheit til å leige areal sentralt i Bryne til ein rimeleg sum. Dette gir mykje betre oversikt over utstyret og vi kan hente det vi treng til turar og arrangement. Det er mogleg å ha møte her, som styremøte og møte med samarbeidspartnarar.

Turar

Jæren Turlag har fire ulike turgrupper/turalternativ:

- Nærturar
- Barnas Turlag Jæren
- Høgt og Lågt
- Fjellturar

Nærturar

I lag med jærkommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time har Jæren Turlag merka 26 turløyper rundt tettstadane i desse fire kommunane. I 2023 har turlaget gjennomført 25 turar med totalt 410 deltakarar. Det er alltid to turleiarar med på turane og turane går både på dei merka nærturane, men og på nærturar som ikkje er merka. Dette for å få variasjon i turane. Det har også i 2023 vore laga ein eigen turfolder for at det skal vera lett å ha oversikt over turane.



Bilete frå turen ved Borestranda i mai.

Barnas Turlag Jæren

Det har vore gjennomført 8 turar og arrangement. Det har vore varierte turar, som tur til friluftsgården Mån og nissetur til dagsturhytta Frøya. I samarbeid med Jæren Friluftsråd og Delfinen svømmeklubb arrangerte turlaget kurset «Trygg i havet». Overnattingsturane til Grautheller, Gaudland og Ådneram var populære. To turar/arrangement har vorte avlyst.

Turlaget arrangerte Kom-deg-ut-dagen i februar i Brekko og ved Melsvatnet i september med god deltaking. I september var det tur med ulike postar rundt Melsvatnet. Det var moglegheit for kanopadling for dei som ville. Trekning av premiar blant dei som hadde levert inn svar på postane. Til arrangementet ved Melsvatnet var det sett opp buss frå Ålgård, Bryne og Kleppe i samarbeid med frivilligsentralane, slik at arrangementet skulle vera lettare tilgjengeleg for alle. Dette var eit positivt tiltak og førte til mange nye deltakarar.

Nisseturen i desember samla om lag 80 små og store. Magisk stemning ved Frøya, med bål, gløgg og varme bålpanner. Små og store kosa seg. Det var felles tur frå både Sandtangen og Klepp stasjon, med turleiarar.



Kom-deg-ut-dagen ved Melsvatnet i september.



Høgt og lågt

Det er gjennomført 9 turar med tilsaman 204 deltakarar. Det har vore turar både i Gjesdal, Time, Sandnes, Fogn, Eigersund, Stavanger og Bjerkreim kommunar.



Turen til Fogn var også eit samarbeid med «Hjerte for Sandnes» og mange frå den gruppa var med på turen.

Fjellturar

Det er gjennomført 7 turar med til saman 102-deltakarar.. Turane har vore i Hå, Gjesdal, Bjerkreim og Eigersund kommunar. Ein tur vart avlyst på grunn av veret. Her er bilete frå turen til Daurmålsknuden i Gjesdal



Jæren turlag har i 2023 gjennomført 47 turar og 4 arrangement. Deltakarar på turar: 1601.

Tre turar har vorte avlyste. Turlaget har trykt opp sitt eige turprogram også i 2023. Programmet vart fordelt i alle fire kommunar.

Førjulsfest

Den tradisjonelle førjulsfesten vart arrangert 24. november på Lensmannsløa i Hå. Det var om lag 50 personar som kosa seg med song, underhaldning, drøs, god mat og utlodding.

Dagsturhyttene

Jæren Turlag har avtale med Hå og Klepp kommune om reinhald og oppsyn med dagsturhyttene. Turlaget har etablert to fadderlag som har ansvar for kvar si dagsturhytte. Det er tilsaman 18 personar som deltek. I tillegg har me på Frøya med oss ei gruppe elevar og lærar frå Klepp ungdomsskule som har friluftsliv som valfag og ei gruppe elevar frå Bryne vidaregåande skule. Det har vore utført om lag 500 dugnadstimar.

Jæren Turlag deltok på opninga av dagsturhytte nr 2, Røyskatten, i Gjesdal kommune. Vårt bidrag var grilling og servering av pølser til mange barnehagebarn som var med på opninga.

Jæren turlag har sagt ja til Time kommune vedr å ha tilsyn med dagstuthytta i kommunen når den kjem på plass.

Merking av stiar

Det er sommaren 2023 gjennomført merking av stiar i Madland. Desse stiane var opprinneleg merka på byrjinga av 2000-talet av Stavanger Turistforening. Det er 10 personar som bidreg til merking i Madlandsheia og dei har utført tilsaman 150 dugnadstimar.

I samband med merkinga såg ein og behov for meir skilting og nye trebruer over våte parti. Gjesdal kommune har gitt økonomisk støtte på om lag kr 40 000 til innkjøp av mellom anna nye skilt med tilbehør. Trebruene er laga på dugnad og ligg klare til å leggast ut. Det har teke lenger tid enn planlagt å få sett opp skilta og lagt ut trebruene. Det vert jobba med å få på plass bru over elva ved dagsturhytta og over Tverråna i Tverromdalen. Skilta, trebruene og bruene vil verta sett opp på dugnad vår/sommar 2024. Dugnadsgjengen er klare til å gjera jobben.

Det har vore gjennomgang av merkinga på fleire nærturar både i Klepp og Time. Turlaget har bidratt med merking av turløyper i Time, i samband med Ti turar i Time.

Anna dugnadsarbeid

Turlaget har i samarbeid med Time kommune, skifta ut utskrivne turbøker på fjelltoppar.

Turlaget har hatt samarbeid med flyktningstenesta i Gjesdal og Klepp og Time og hatt informasjonsmøte for flyktningane om friluftsliv, Jæren Turlag, turmoglegheiter på Jæren og kva naturopplevingar kan bety.

I samarbeid med Hå kommune, Stavanger Turistforening og grunneigar har Jæren Turlag i fleire år planlagt å få sett i stand ei sjøbu på Reime i Hå kommune. Dette prosjektet passer inn i Stavanger Turistforening si satsing på nærfriluftsliv og turar langs kysten. Sjøbua ligg langs Kongevegen og kan passe fint som ein plass å eta nista si under tak. Det skrive kontrakt med grunneigar, og arbeidet med restaurering vil starte opp i 2024.



Turlaget deltok på Sentrumsfesten på Ålgård 17. juni, saman med mange andre frivillige lag og organisasjonar.

Bilete i Årsmelding 2023 er teke av Ragnar Egeland, Anne Grete Madland Tjemsland og Anne Reidun Garpestad.

Konklusjon

Talet på dugnadstimar som er utført i 2023 er 2095. Jæren turlag vil takka alle frivillige som er med som turleiarar, frivillige på arrangement, merking av turar, fadderlaga for dagsturhyttene og andre små og store oppgåver i turlaget. Turlaget har eit godt samarbeid med administrasjonen i Stavanger Turistforening. Tilsette her støtter godt opp om arbeidet i turlaget.

Lye, 7. februar 2024

Anne Reidun Garpestad – leiar Jæren turlag